



Kjell Yri var guide under ein vandring i sentrum i føremiddag. Her er han saman med leiar av fjellsportsamlinga Øystein Ormåsen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Den nasjonale fjellsportsamlinga med Uskedalen som base vart ein ubetinga suksess.

Øystein Ormåsen i DNT fjellsport Bergen, som har leia samlinga, nøler ikkje med å slå dette fast når siste deltakarpulje forlet Rabben Feriesenter i føremiddag.

Han har ikkje registrert ein einaste klage på nokon del av arrangementet.

Men så har det da også vore skikkeleg organisert med det som på moderne språk kallast ein desentralisert struktur! Ormåsen held fram:

- Eg har ikkje blanda meg opp i dei einskilde turopplegga. Vi har ein solid stab av erfarne og godt førebudde turleiarar som har gjort jobben sin utan problem og slik at deltakarane har vore svært fornøgde.

På same måten har sjølve leiren vore godt organisert. Også sjølve ramma her på Rabben har eg berre positivt å seia om. Og naturen i distriktet har i høgste grad også innfridd forventningane. Også veret har vore tilfredsstillande. Litt regn vart det, men heldigvis ikkje så mykje at vi vart skikkeleg blaute. Konklusjonen blir at Kvinnherad med Uskedalen som base var rette staden å arrangera den aller første fjellsportsamlinga. Neste år kjem turen til Lyngen i Troms!

Så langt Ormåsen.

Det aller siste del-arrangementet i dag er ei vandring i sentrum av Uskedalen med Kjell Yri som guide. I den er det 5 deltakarar.

Ei gruppe er til fjells også i dag - dei er 10 med toppen av Melderskin som mål.

Det vart tilsaman 65 deltakarar i fjellsportsamlinga.

Dei kom frå Bodø i nord til Kristiansand i sør og 15 leiarar hadde ansvaret for dei.



Ingrid Hundvin og Ida Grindland frå Bergen i gang med pakkinga på Rabben. (Foto: Ola Matti Mathisen)